

BOKN BYGDABLAD

Nr 3 - April 2000 - Årg. 15



Jubileumsfeiring - s. 4



Overtaking - s. 10



Ungdomstreff - s. 15




Spennande hus - s. 22



Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn





ORDFØRAREN RDET

Som de alle nå veit så blei Bokn kommune 150 år 18 mars i år.

Det blei feira med folkefest på skulen lørdag 18/3 og mandag 20/3.

I tillegg til lokale krefter hadde me fått med oss Hanne Krogh og Vestlandsfanden.

Dette blei to uforgløymelege kveldar med ei fantastisk stemning.

Då Tina og Hanne saman song Tusenårs-songen, rørte det ved følelsane mine og sikkert andre sine, det var utrolig vakkert.



Me fekk ein reprise fra 1985 då Anne Tove og Hanne song "La det swinge". Dei hadde også laga ein ny "Boknasong" som fekk opp stemninga fleire gonger utover kvelden.

Vestlandsfanden fekk også opp stemninga på mandagen, godt hjelpne av korpset, og ungane såg ut til å storkose seg.

Tusen takk, alle som gjorde dette mulig. Me har planlagt fleire markeringar av 150 års jubileet utover året, som me vil komme tilbake til seinare.

Bokn er nå i ferd med å bygge den første nye barnehagen, det første spadesticket vil foregå i nær framtid, og barnehagen vil vere klar til bruk før jul. Han blir plassert vest av skulen. Med det store

fødselstallet me hadde i 1999 og kanskje i 2000 så treng barnehagen meir plass, og alle gler seg til opninga.

Der er ført vatn fram til Øvrabø, som har medført at 16 abonnentar har knytta seg til det kommunale vannverket. Det var et kommunalt og privat spleiselag som gjorde dette mulig, og eg vil understreke at når me får til ting i lag får me meir gjort og raskt. Eg er klar over at fleire nå vil ha kommunalt vatn, og me ser på kva me kan få til, men kommunen har ikke for mykje penger.

Til nå dette året er der tildelt 10 nye tomter i Øyrenfeltet (sjå s. 20), det er både boknarar og tilflyttarar. I tillegg er det solgt 3 tomter i Hålandsjøen. Eg ønsker alle hjertelig velkomne som husbyggarar på Bokn.

Frå 1. april blei Bokn med i Karmsund Havnevesen. Det medføre at Havnevesenet får disposisjonsrett på kaien i Føresvik og Knarholmen, og dei blir underlagt Havnevesenet sitt reglement. All saksbehandling etter Havne og farvannsloven blir utført av Havnevesenet, der Kleng Våga er Bokn sin representant.

Til slutt vil eg minne om at Bokn har innført spørretime foran kvart kommunestyre, kor alle har mulighet til å stille spørsmål til politikarane om saker dei er opptatt av.

Er det ellers noko du vil ta opp med meg er det berre å ta kontakt.

Svein Ove Alvestad
ordfører

KVA MED 2. ETASJE I KYRKJEBYGD SKULE?

Bokn driftsstyre ynskjer innspel på kva denne etasjen kan og bør brukast til når barnehagen flyttar ut til jul.



- Er det automatikk i at heile huset blir kulturhus, og at ungdommen bør eller skal prioriterast?
- Er det naturleg at Fritidsklubben Petra, som i dag disponerer 1. etasje og 3. etasje saman med Bokn vevstove, også får boltrea seg i 2. etasje?
- Kanskje er etasjen ein midlertidig eller permanent plass for museumsgjenstander? Slik som t.d. den stakkars feringen som står ved Allrommet på Boknatun.
- Er det andre lag, organisasjonar, eller andre som har eit behov og ynskje om å disponera dette arealet?

Viss du har ynskjer, behov og meiningar, gir du desse til kulturkontoret før 15. juni.

Hugs at det er for seint å bry seg etter at det er bestemt kva etasjen skal brukast til.

Om gardane på Bokn

*På Sæbø stod et gamalt hus
som seint og sakte sokk i grus.
No er den reist som minnehall
for nordens største toneskald.*

*På Alvestad i gamal tid
stod hærmenn fylka opp til strid.
Her kviler mang ein hirdmans bein
i haug og under bautastein.*

*På Boknaberg står høgt og fritt
klosterstøtta i granitt.
Her var han fødd den heidersmann
som starta losjen i vårt land.*

*På Håland er det skog og li
der er det fint ved sumanrs tid.
Når fuglen slår sin glade trall
blant bjørk og kusun og konvall.*

*På Jøsang var ein gang – ufred
da grov man sine penger ned.
Men så kom det ein arkeolog
og pengene han frå dei tok.*

*På Are bur det travle folk
som samlar inn til hus og holk,
Frå gamalt av dei har ein skrekke
for ligningsnemdas skattetrekk.*

Monrad Alvestad



Bokn kommune
150 år

OJ, OJ, OJ, FOR EI

Tekst & foto:


150 års-komitéen er svært nøgd med markeringa i jubileumsmånaden. Gymsalen var stappfull både laurdag 18. og måndag 20. mars. Alt gjekk etter planen, og det var kvalitet over innhaldet!

Bygdabladet har i lange tider varsla at sjølv dagen, 150 år sidan det første formannskapsmøtet 18. mars 1850, skulle det vera jubileumsfest i kommunen, og nærmare 300 tilhøyrarar, arrangørar, vakter, kjøkkenpersonell, presse og artistar tok i mot orda frå ordførar Svein Ove Alvestad då han ynskja over ein tredjedel av



Fv. Birger Lindanger, Linda Ognøy, Leif Vatnaland, Olav L. Rossebø og Reidar Alvestad stod for eit flott og informativt revyinnslag.

Foto: Lars Morten Kro




innbyggjarane i Bokn "gratulera med dagen!" Han såg både tilbake og framover i talen sin, og uttrykte m.a. optimisme i nærings- og folketalsutviklinga.

Bokn revylag, med Birger Lindanger som konsulent og som undertekna ikkje er med i lenger, rekonstruerte det første formannskapsmøtet for 150 år sidan. Revylaget fekk gjennom 25 min. vist at dei også beherskar den meir seriøse og historiske ramma rundt sketsja-

ne, og publikum fekk oppleva to godt innøvde sketsjar med flotte kostymer og kulissar, bundne saman av bygdebokforfattaren vår.

Då Tina B. Høyland hadde to vers igjen av Tusenårs-songen, dukka sjølvaste Hanne Krogh opp på scenen, og då ho song saman med Tina blei det svært stille blant publikum. Fleire fortalde etterpå at tårene pressa seg fram, og dei såg at fleire sat og smågrein før den ståande trampeklappen buldra laus. At Hanne blei med på dei to siste versa var sjølv sagt avtalt på førehand, og opplevinga var også stor for Tina, undertekna som komponist og Olaug Hognaland som tekstforfattar. Det er svært kjekt og inspirerande at songen har slått så godt an, og det siste ordet i år er nok ikkje sunge enno. Folk kan også få høyra songen om Bokn før, no, og i framtida på 17. mai og opninga av Tusenårsplassen til hausten.



Ordførar Svein Ove Alvestad er godt nøgd med "songfuglen" Tina B.

Hanne blei verande på scenen, og saman med keyboardisten sin, Svein Ragnar Myklebustogså var med på Tusenårssongen, framførde ho ei rekke kjende songar frå plateprosjektet sitt om Haugalandet, bundne saman med svært passande historiar. Ein sightseeing på Bokn tidlegare på dagen fekk henne til å tenka på Irland, som igjen var ein del av trekanten mellom Norge og Amerika, ved utvandringa til Amerika. Og etter å

Anne Tove:



"Dette va det kjekkaste eg kunne gjort. Eg hadde aldri drømt om det, men det va drømmen så gjekk i oppfyllelse. Kjekt å komma him te kjempegod stemning. Eg leve på det ennå, og komme te å gjera det i lange tid framøve."

JUBILEUMSFEIRING!!

Jardar Havikbotn



Gymsalen var stappfull både 18. og 20. mars.

ha snakka med Birger om alle boknarane som emigrerte den gongen, kom ho inn på dette i innflettinga av songane sine. Hanne opptrer nemleg ein del i USA i år, i 175 års jubileet av den norske utvandringa.

Etter å ha gitt oss ei profesjonell musikalsk stund med høg kvalitetsfaktor, var tida inne for å introdusera Anne Tove Øvrebø, som alle visste hadde tatt Hanne med seg frå Oslo til denne festen. Forventningane var store, og dei blei heller ikkje mindre då Rapido allerede då dukka opp på scenen. Då musikken byrja, tok det ikkje mange sekundar før publikum klappa takten og stemninga var på topp. Forventningane var innfridde, og nervøsiteten til Anne Tove forsvann. Overraskingsmomentet slo nemleg

CD-INNSPELING


Tusenårssongen og Når Eg Dør (Bokn) skal spelast inn på CD, i alle fall er det planlagt etter festen 18. mars!

Hanne seier på tlf. frå Oslo at ho vil jobba med prosjektet, og satsar på at det kan skje før ferien.


I så fall blir dette eit flott minne frå feiringa, noko Bygdabladet vil koma tilbake til.




GÅVENE



Landskapsbilde laga av naturmateriale.
Gåve frå Haugalandsrådet.



Oppheng m/motiv. Som du ser er motivet frå Bokn, men også all materiale, funne langs strandlinja i kommunen vår. Bildet er stort sett vevd av gamle fillegarn.
Gåve frå Bokn vevstove, i taknemlighet over å ha ein plass å vera.



Nordlandsteppe, vevd av Møyfrid Vatnaland. Ottar Håland har laga ramma, og Julianne Nilssen står for skrifta på ramma.
Gåve frå Sparebank 1 SR-Bank Bokn.

Alle desse gåvene ser du i Boknatun, 1. og 2. etasje.

Ikkje tilgang på bilde.

To broderte hardangerbrikker som skal brukast til nattverdsbretta i kyrkja.
Gåve frå Karen Hetland og Målfrid Kro Trosnavåg, som eit uttrykk for at dei er glade i kommunen og kyrkja.

til igjen, då nok ein Bokn-tekst blei sunge, på ein kjend Countrylåt denne gong. *When I Die (Texas)* var blitt til *Når Eg Dør (Bokn)*. Så populært var dette at låta kom fem gonger utover kvelden og natta. Stemma til Anne Tove passar godt til denne musikkstilen, og ho likar også godt å synga Country. Anne Tove stod for ein flott opptreden, og klarte seg også fint åleine på scenen. Det var tydeleg at ho hadde lært ein del scenetriks av Hanne.

Ikkje uventa var det Bobbysocks-låtar, Grand Prix og Rolv Løvland som var tema for avslutninga på denne store musikalske stunda. Me fekk høyra *Waiting For The Morning* og sjølvsgatt *La Det Swinge*, med Anne Tove som Elisabeth Andreasson. På siste låten stod publikum etter rockeoppfordring frå Hanne, og enkelte lot seg frista til å røra litt på seg. Ekstranummer var sjølvsgatt *Når Eg Dør (Bokn)*. Publikum var svært nøgde, og ordforaren hadde vanskar med å finna ord etterpå.

Dansen med Rapido blei også ein suksess, og truleg har det aldri vore så mange på dans på skulen før! Enkelte kom ikkje inn i byrjinga, og måtte lenge stå i kø før dei fekk entré.

Dei same langborda og den rette atmosfæren i gymsalen var også der på mandagen. Salen var også pynta med ballongar, for no var det bursdagsselskap, og skuleelevane var spesielt inviterte. Vestlandsfanden var hovudpersonane denne gong, og salen var stappfull igjen. Ikkje lenge før arrangementsstart fekk konferansiér og varaordførar Arne Hosaas veta at flyet frå Gardemoen var ein del forsinka (ikkje

BILDEUTSTILLING

I samband med jubiléet er det laga ei utstilling med eit utval av alle bildene i "bygdeboksamlinga". Her har Bokn ein unik skatt!



NÅR EG DØR (BOKN)

(E. Bruce/B. Borchers/P. Bruce)
(Norsk tekst: Hanne Krogh)

Når eg dør, e' der kanskje ingen himmel
kim vett om de sleppe fiskarjenter inn.
E det sånn, la meg komma him te Bokn
for Boknafjedle e ner te himlen min.

Oslo hadde ikkje goe nok sjølukkt
Stavanger blir'kje eingong rekna inn.
Men om eg våkne i mårå – sno fla neri Vigjå
gjer det ingenting, for eg e kommen him.

Når eg dør, e' der kanskje ingen himmel
kim vett om de sleppe fiskarjenter inn.
E det sånn, la meg komma him te Bokn
for Boknafjedle e ner te himlen min.

Eg sko kjørt igjønå tunnellar og kolonner
for at Rossabø'n sko få meg te å le.
Det varme mæ er enn solå neri Syden,
for sjelå mi e i Homraparken – kor enn eg e'.

Når eg dør, e' der kanskje ingen himmel
kim vett om de sleppe fiskarjenter inn.
E det sånn, la meg komma him te Bokn
for Boknafjedle e ner te himlen min.



Hanne og Anne Tove kosar seg på scenen i ekstranummeret *Når Eg Dør (Bokn)*, og det gjer nok også Christian Ovidt (gitar) og Nannstein Olaussen (bass) i bakgrunnen også.

Foto: Kjartan Jensen

noko nytt...), men me satsa på at dei var på skulen slik at programmet kunne gå etter planen. Minuttet før det skulle byrja, kom Reidar Brendeland (Sauda) og Ivar Voxmyr (Odda) inn på scenen i ytterklede, til ein liten lydsjekk. Då sat Bokn Musikkorps klar på scenen. Allerede då kommuniserte Reidar Brendeland med elevane rett foran scenen, noko som skulle smitta stort utover i heile salen. Korpset, under sin nye dirigent Andreas Ulveraker, hadde ei lita avdeling for Vestlandsfanden kom inn igjen, denne gong i kostyme. Songen Sauda blei framført med brassband, fele, gitar og song,

LYD, LYS OG SCENEARBEIDARANE

Lasse Eriksen frå Norstage i Haugesund stod for profesjonell lyd. Det var også han som lagde lyden for oss då Kongen opna Rennfast i 1991. På laurdagen brukte han heile 37 kanalar inn på det enorme mixebordet. Kjartan Jensen stod for lysmixinga, og var scenearbeidar saman med John Øvrebø. Kommunen takkar alle for ein kjempejobb!!

BOKN

(Skriven til bygdarevyen "Landfast" i 1991 på tonen Sauda)

I Tysvær har di Kårstø
og Akdsalsenteret,
mens Karmøy har Skudenes
og Visnesgruvane.

Og Haugesund har polet
og prisutdelingå.

I Bokn har me TV-mast
og tank av grønne plast.

På Sira har di fyret
og nedlagt sild på glass.
På Kvitsøy har di hummar
og høge radio-mast.

Og Rennesøy har kloster -
tunellar har di fått,
mens me har adle bruene
så her får me det godt.

Refr.

Det e her me hørre te,
det e her me helst vil bu,
blant gamle naust og holmar
e det framtid kan du tru.
Det e her me lige oss best,
det e her me føle oss fri,
frå Ogn i nord og sør te Klepp,
natur i harmoni.

I Stavanger har di Rettedal
og oljeindustri.

På Jæren har di jordbruk
og eige bryggeri

I Sauda har di smelteverk
og du kan gå på ski.

I Bokn har me Bygdablad
og laksaindustri.

18. MARS PÅ VIDEO!

Bokn kommune beklager at det ikkje kom ut nok informasjon for billettsalet starta, noko som resulterte i at ikkje alle som ville fekk vera med i billettkampen frå starten av. 250 billetter forsvann ganske fort, og dei som stod på venteliste fekk dessverre ikkje tilbod om entré p.g.a. sikkerhet. Kritikken er tatt til etterretning, og får følger for slike store arrangement i framtida.

Men festen fram til dansen er på video, VHS, på kulturkontoret, og dei som vil kan ta kontakt og få låna denne!

på originalteksten. Sjølv om undertekna var med og spela i korpset, må eg seia at det var ein av dei betre korpsprestasjonane frå scenen på ei stund, og dei knappe 20 musikantane stod for ein god og tett klang med eit relativt stort volum.

Økta til Vestlandsfanden kan beskrivast med to ord; **enorm stemning!** Møtet mellom to av Norges beste live-artistar og spontan begeistring frå barnlige sinn, førte til at *taket nesten løfta seg* i 40 minutt! Ein skulle nesten tru at muskarane framførte energisk barokkmusikk, for volumet steig vanvittig i salen allerede i den første låta. Men i motsetning til terassedynamikken i barokkmusikken heldt Vestlandsfanden- og publikumsvolumet seg sterkt heilt til det var over. Og tida gjekk alt for fort. Kjende songar kom på rekke og rad. Skuleelevvar var oppe i *Livets glade gutter*, og Daniel Dobrev i 3. klasse fekk vera solist i nokre refreng. Stort! Dessverre hadde eg gløymt fotoapp., og kan ikkje presentera bilder av opplevinga. Enkelte godt vaksne sa etterpå at dei ikkje kunne hugsa ei slik stemning med så mykje klapping i gymsalen nokongong. Andre sa at hadde Vestlandsfanden vore der på laurdagen, hadde taket letta.... To heilt ulike arrangement går ikkje an å samanlikna, og den diskusjonen skal me la ligga no.

Etter skikkeleg bursdagsmatbord fekk me igjen revyinnslaget, og betre historietime kunne ikkje elevane fått! Nok eit stort jubileumsarrangement hadde gått etter planen...

Reidar Brendeland etter arr.: "Den beste lokale teksten eg har sunge på den melodien, og eg har sunge monge....."

KONSERTAR PÅ SJUKESTOVA


Det dei færraste veit er at Hanne og Anne Tove hadde konsert på sjukestova på laurdags ettermiddag den 18., og Vestlandsfanden den 21. Det var veldig flott gjort å halda desse knappe times gratiskonsertane, og dei blei svært godt likt!!



Stor oppleving for mormor til Anne Tove, Bokns eldtste Lisa Ognøy på 93 år, og dei andre på sjukestova då Hanne og Anne Tove heldt ei musikalsk kosestund i Allrommet.



"Dette skulle me hatt på Pensjonistforeningsmøte", sa ein publikummar etter at Vestlandsfanden hadde laga stemning i Allrommet tre dagar etterpå.



HANNE OM TINA

Hanne var svært opptatt av, og er glad for at Anne Tove gjorde ein så god opptreden på festen.

Ho blei også mektig imponert over Tina, og ut i frå erfaringane hennar som songar og at ho sjølv har ei dotter på omtrent same alder, har ho dette å seia om Tina:

"Tina tar tak i ein fin song og gjer han fin. Ho trur på det ho gjer, og viser ein stor trygghet på scenen. Med sin klare, sterke og reine stemme har Tina flott utstråling, sjølv om ho i utgangspunktet er sjenert. Den tette klangen, fine musikaliteten, og ein veldig sterk scenestyrke er unikt for ein åtteåring".

- Blir ho betre om ho får undervisning i tidleg alder?

"Ikkje nødvendigvis. Det er viktig å spela andre instrument viss du vil bli ein god songar. Det er tidsnok å byrja songundervisning i 16, 17 års alderen. Syng alt det du kan. Sei ja til å formidla song til folk, og driv idrett. Det er viktig å bygga opp kroppen og bli sterk".

Treet

Treet stod ferdig med blad og med knopp.

Skal jeg ta dem?

sa frosten og pustet seg opp.

Nei, kjære la dem stå, til blomsten sitter på,

bad treet og skalv fra rot til topp.

Treet fikk blomster, så fuglene sang.

Skal jeg ta dem?

sa vinden og viftet og svang.

Nei, kjære la dem stå til bæret sitter på,

ba treet i luften det dirrende hang.

Treet fikk bær under sollysets glød.

Skal jeg ta dem?

ja jenten så ung og så rød.

Ja, kjære du kan ta så mange du vil ha,

sa treet og grenen det bugnende bød!

Bjørnstjerne Bjørnson

FØRTIDS- PENSJO- NERT

Mange har sikkert hatt en drøm om å bli flyver og vår god kollega Harald Bokneberg var intet unntak, men det nærmeste

han kom flyverdrømmen var toppen på fjernsynsmasten på Bokna-fjellet, hvor han var både titt og ofte i sine unge dager i tjeneste for Televerket. På sin siste dag som kommunekasserer fikk han likevel et lekefly og billett til en privat flytime hvor han skal få sitte ved spakene.

Kommunekasserer og gode kollega, Harald Bokneberg, har valgt å førtidspensjonere seg etter 19 år med forvaltning av kommunens "pengebinge".

Harald fikk stillingen som kommunekasserer i 1981 etter 10 år som saksbehandler ved trygdekontoret.

Han var sikkert den perfekte kommunekasserer med sin nøyaktighet, sitt vinnende vesen og evne til å løse problem på en praktisk måte.

Mange skatteskyldige innbyggere og pengeløse kommunearbeidere kan nok skrive under på at Harald har hjulpet til med midlertidige løsninger. I en stadig mer datastyrt verden vil det sikkert bli sjelden å møte en kommunekasserer som gidder å lytte til et lite privat pengeproblem.

Lønnsutbetalinger var et av Haralds spesialfelt og mang en gang måtte han nok holde tunga rett i munnen når kompliserte lønnslistene lå på pulten fra skole og sjukestua.

Sjelden har vi hørt om feil utbetalinger og lønna kom alltid på rett tid.

Harald satte av god tid til kundene sine og døråsto alltid på gløtt for kolleger som ønsket å drøfte en sak eller bare slå av en drøs. Kommunekassereren hadde som regel en god historie på lager.

Harald nød stor tillit blant de ansatte og hverdagen på "kommunehuset" blir selvsagt ikke den samme uten han.

Vi ønsker Harald lykke til med en spenstig pensjonisttilværelse!

På vegne av oss middelaldrende, Hans

Petra Fritidsklubb informerer

av Ann-Kristin Grønnestad

I forrige Bygdablad etterlyste vi brukte møbler som vi trengte til fritidsklubben vår. Vi har fått inn en god del møbler, men vi trenger enda mer! Særlig bord, stoler og hyller hadde vært kjempefint å få tak i, så vi oppfordrer dere enda en gang om å ta kontakt dersom dere har noe av interesse. I tillegg vil vi si hjertelig tusen takk til de som har bidratt med møbler allerede.

Forrige gang det var Petra, var det faktisk to vakter, hele kvelden. Det er egentlig ganske sjelden det skjer, og det er synd, fordi styret egentlig skal stenge Petra, hvis bare den ene vekten dukker opp. Da hadde klubben nesten aldri vært åpen, så vi måtte forandre retningslinjen til at dette gjaldt kun når det var mye folk. Haken ved dette er jo at det da er mange som må gå skuffet hjem. En typisk kommentar fra ungdommene er: "Selvfølgelig blir Petra stengt akkurat i dag når dårlig endelikt e litt fålk, bærra fordi då e kun ein forelder såm gidde å sidda vakt!".

Jeg pleier å ha det veldig koselig sammen med vaktene. Mange mimrer tilbake til sin egen tenåringsperiode, de forteller de reneste røverhistorier fra de tidene hvor det ikke var regler og retningslinjer i det hele tatt, og de snakker om ting som opptar dem nå. Til syvende og sist er konklusjonen min at dersom det er to vakter tilstede så går tiden forttere, det blir koseligere å sitte vakt, og det er sosialt, - men det er nokså stusselig å sitte alene!

Her er litt informasjon om kontortiden min; Onsdager fra 10.00 – 12.30, er jeg å treffe på kontoret tvers overfor Jardar's kontor. Internnummeret er :52 75 25 12, og det er bare å ta kontakt dersom det er noe dere lurar på, eller vil komme med forslag, tanker og ideer.

Et godt samarbeid med dere foresatte, er veldig viktig, og kommunikasjonen mellom foreldre-barn-ungdomsarbeider, bør være preget av åpenhet, ærlighet og engasjement.

En gang i mai/juni kunne jeg godt tenke meg å samle alle ungdommene og deres foresatte til et møte på Petra, der vi kan diskutere forskjellige saker som er aktuelle. Dette vil dere nok høre litt mer om senere.

Til slutt vil jeg bare ønske alle sammen en riktig god påske!

FORTSATT MEKANISK INDUSTRI I BOKN

- Bokn Mekaniske Verksted blir A. Olufsen Skipsservice A/S Avdeling Bokn -

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Harald Nygård gir seg etter 26 år og 1 mnd. 1. april overtok Arne Olufsen, og han vil driva verkstaden som ei avdeling i sin skipsservice A/S. Det skal ytast service 24 timar i døgnet, og

avdelinga vil på sikt få 5, 6 ansette.



Harald Nygård leverer nøkkelen til Arne Olufsen.

- Eg ser gjerne at dagleg leiar kjem frå Bokn, seier Arne Olufsen, som 28. mars fekk overlevert nøkkelen av Harald Nygård, som ei markering av

at Bokn Mek. er overtatt av A. Olufsen Skipsservice A/S.

Olufsen lovar at det skal ytast god service, og han ser for seg ei vaktordning kor folk kan få bistand 24 timar i døgnet. Telefonnummeret blir det same; 52 74 84 60. Olufsen overtar drift, maskinar/utstyr

og varelager, og vil yta service i alt innan mekanisk industri. Han ramsar opp ord som maskineri, røyrlarbeid, aluminiumsarbeid, stålarbeid, maskin-mekanikar, rustfritt, syrefast, sertifisering av utstyr/klassing av kranar, last/lossebommer på skip, landbasert industri – offshore/skipsflåten.

Midlertidig dagleg leiar, Gjert Norenes, kan også bekrefte at dei har lyst å ansetta boknarar. Han legg til at ting må "gå seg te" etterkvart, og dei skal m.a. foreta ei behovsvurdering.


Kone, dotter og barnebarn til Harald Nygård kom med kake og kaffi, og ordførar, næringssjef, Olufsen, Norenes og undertekna koste seg med ein svært god lunsj!

10. april hadde den nye avdelinga open dag, og boknarane kunne koma og helsa på over ein kaffikopp.



Lukke til med den nye avdelinga!



F.v.: Åse Helen Alvestad m/dottera Martine, Åslaug Nygård, Harald Nygård, Gjert Norenes, Arne Olufsen, Stein Alendal og Svein Ove Alvestad.



Dreiebenk med sjel: Harald har stått mykje her, med ein maskin som har vore med heilt frå starten, 01.03.74. No seier Harald takk for seg.



OM ANGST

Hva er angst ?

Før eller siden vil nok alle kjenne angst, for angsten hører livet til. Vi har hele tiden motstridende krefter i oss som kjemper om motstridende behov; behovet for trygghet / ro og behovet for vekst / utfordringer. Enhver utfordring i livet innebærer faren for angst, men det er når vi møter utfordringer at det finnes mulighet for vekst og utvikling.

Angsten er altså en naturlig del av det å være menneske, men når snakker en da om sykelig angst? Når angsten blir så kraftig at den går ut over ens daglige funksjon, kaller vi den sykelig. Da er det angsten som har tatt overhånd, og vi styrer vår hverdag etter den.

Angsten er en følelsesmessig tilstand preget av frykt, uro eller usikkerhet. Den er irrasjonell og uforståelig, fordi den vanligvis ikke henger sammen med noen ytre fare. Det er mulig å ha angst, selv om en ytre sett skulle være trygg. Mennesker kan kjenne angst hjemme i sin egen stue, hvor de egentlig skulle være i sikkerhet. Noen ganger henger angsten sammen med fortrenge følelser i underbevisstheden, følelser som er i ferd med å dukke opp i bevisstheden. Det kan dreie seg om konfliktfylte følelser som vi til vanlig ikke er klar over, men som melder seg i bevisstheden som angst.

Til vanlig holder vi slike konfliktfylte følelser i sjakk gjennom våre såkalte forsvarsmekanismer. Oftest fortrenge, undertrykker vi slike vonde og angstfylte følelser. Men dersom vi tar oss tid til / tørr å kjenne etter, kan vi kanskje merke den rastløshet og indre uro som kan være uttrykk for den underliggende angsten. Det finnes mennesker som av den grunn synes at ferier og høytider er ubehaglige, og de ser fram til at hverdagene med

full aktivitet skal komme.

Angst kan også være et signal fra kroppen, om at en nå kanskje bør trappe ned aktivitet for eksempel i stresssituasjoner. Angst kan også være et symptom i forbindelse med en depresjon eller lignende.

Hvordan oppleves det å ha sterk angst?

Ved et angst anfall opplever personen en indre uro, rastløshet. Personens oppfatningsevne reduseres sterkt. Vanlige symptomer er hodepine, kvalme, skjelving, kvalme, svetting, hjertebank og svimmelhet. For noen kan angstanfallet oppleves så sterkt at en blir redd for å dø, noe som igjen er med på å forsterke angsten. Mange blir engstelig for at noe alvorlig er galt for eksempel med hjerte eller lignende. Første gang en opplever et angstanfall bør man vanligvis oppsøke helseapparatet for å få stilt rett diagnose.

Kan en få hjelp for angstanfall ?

Samtaleterapi er normalt til god hjelp til å redusere angst. Her kartlegger en hvor sterk angsten er, hvor hemmende på det daglige liv. Hvordan møter en angsten? Kan den møtes på andre måter? Mange personer med angst kan lære seg til teknikker som reduserer og forkorter angstanfallet.

Under et angstanfall er det viktig å minne seg selv på at angstanfallet er ubehagelig, men ikke skadelig, en dør ikke selv om en føler det på den måten.

Videre lærer en å møte angsten sin aktivt, slik at det blir en selv som er herre over angsten, og ikke angsten som styrer livet.

Psykiatrisk sjukepleiar

Gamle påsketradisjoner i Norge

Man mente at Kristi kors var skåret på skjærtorsdag, så denne dagen skulle ingen bruke øks eller kniv. Kvinnene skulle ikke strikke, for pinnene minnet om lansene Jesus ble stukket med og torne-kronen han måtte bære.

I katolsk tid skulle det være helgedagsfred langfredag. Men etter gammel norsk tradisjon skulle alle slite og sørge. Man tok derfor på seg det tyngst mulige arbeid. Enkelte la småstein i skoene for å min-

nes Jesu lidelser. Barna skulle være stille og fikk ikke leke. Alle skulle gå i slitte, gamle klær denne dagen.

I gamle dager trodde man at heksene dro til Bloksberg, bl.a. på skjærtorsdag. Da var det ekstra viktig at sopelima sto ute, ellers tok heksa en hest, ku eller geit istedet.



UNG POLITIKAR MED TRU PÅ FRAMTIDA

Tekst & foto: Reidar Alvestad

YNGST I KOMMUNESTYRET PÅ 8 ÅR

Tor Harald Alvestad sto på 4. plass på Kr.F. si liste i Bokn ved valet hausten 1999. Han fekk 102 røyster, altså flest av alle i Kr. F. Nestemann fekk 78. Dette medførte at Tor Harald både fekk plass i kommunestyret og i formannskapet i ein alder av 20 år. Bygdabladet kjenner ikkje til at det tidlegare har vore nokon person under 21 år med i kommunestyret i Bokn, og då sjølv sagt heller ikkje i formannskapet. Dag Idar Jøsang var i perioden 1992 – 96 medlem av kommunestyret, og var til då den yngste personen som hadde vore med der.



Det nye formannskapet som kom på plass hausten 1999. Tor Harald heilt t.v. var 20 år på denne tida. Her står han på sida av veteranen Leif Vatnaland. Det er ein aldersskilnad på 46 år mellom han og Leif. Dei andre personane er: I midten ordførar Svein Ove Alvestad, Arne Hosaas og Åse Bratthammer.

OVERRASKANDE

Tor Harald seier at han vart skikkeleg overraska då han morgonen etter valet fekk vita at han fekk flest røyster av dei som sto på lista. Då han sa ja til å stå på lista, tenkte han ikkje så nøye gjennom at det kunne få slike konsekvensar, sjølv om han visste at det kunne kunne føra til meir politisk aktivitet. Men når det først gjekk som det gjekk, synes han det er fint at han kan vera med og påverka utviklinga i lokalsamfunnet. Han føler det som eit ansvar å innfri noko av den tillitserklæringa som valet var. Mange har spurt etter kva saker han vil arbeida mest for, og nokre spesielle område har han. Men han synes det er greitt å ikkje ha gjort seg opp altfor bastante meiningar i forkant, og ein må ha lov å forandra meining etter kvart som ein får kunnskap og erfaring.

DEI UNGE

Tor Harald er klar over at han må ta fullt ansvar for alle område i politikken, men seier at han føler mest ansvar og interesse for å ivareta dei yngre sine interesser. Og det er særleg innan kultur og fritid han meiner at

han har noko å tilføra. Han meiner at han trass i den unge alderen sin har ganske god erfaring frå dette området, og at han kan målbera ungdomen sine ynskje vidare. Han trur det kan vera lettare for han å sjå ting frå dei yngre sin synsvinkel. Men det er ikkje berre innafor dette området tilhøva må leggest til rette for dei unge. Tor Harald nemner særleg dette med at ungdomen må få høve til å slå seg ned på heimstaden. Då er det med ein gong spørsmål om tilgang på bustad og arbeid. Sjølv meiner han at det ikkje er så langt om ein ungdom må kjøra ein god halvtime til og frå jobb. Det er også større arbeidsplassar som ligg ganske nært, t.d.



Sjølv har Tor Harald ordna seg eigen arbeidsplass ved at han og kollega Marit Øvrebø leigar og driv Alvestadkroken Landhandel. Dette er fysisk og psykisk mindre belastande enn å vera kokk ved ein restaurant, påstår Tor Harald.

Kårstø. Dei som har arbeid i Nordsjøen, fiskarar og sjøfolk, kan like godt bu i Bokn som andre stader. Men det er viktig å leggja til rette for arbeidsplassetableringar i kommunen, også dei som sjølv lagar eigne arbeidsplassar. Kommunen kan ikkje laga arbeidsplassene, men leggja til rette slik at dei som ynskjer det får ei form for drahjelp.

SATSINGSOMRÅDE

Når det gjeld vidare utvikling av arbeidsplassar på Bokn, meiner Tor Harald at det er viktig å satsa på slike område som det ligg godt til rette for, t.d. sjø-retta næring. Han meiner oppdrett av skjell og andre produkt som det er etterspørsel etter er framtidsretta, samtidig som ein sikkert kan vidareforedla meir enn det som blir gjort i dag av desse produkta. Bokn ligg så sentralt at på ferske oppdrettsprodukt som skal vidare til kontinentet, har ein eit forsprang i frakttid i forhold til lengre nord på kysten

FRITIDA

Denne praten med Tor Harald foregikk på Sjøhuset etter arbeidstid. Typisk nok sat han og ein kamerat og førebudde noko av 10-års jubileet for speidaren på

Bokn. Denne organisasjonen har han vore med i omtrent frå det starta opp her. Nå er han troppsleiar for Bokn KFUK/KFUM. Han har såleis vore med på både eit par speidarlandsleirar pluss kretsleirar. Sjølv om det nettopp har vore ein større leiteaksjon etter ein gut her i fylket som enda bra, og det tidlegare har vore barn som har forulykka, meiner han at speidarrørsla har gode rutiner som skal hindra at slikt skjer, men at det er viktig å få dei ennå betre. Han har ikkje tenkt å gi seg ennå i speidaren, og synes å fylgja mottoet "ein gong speidar – alltid speidar".

Tor Harald var tidlegare med og starta Bokn Natur og Ungdom. Denne organisasjonen er nå nedlagd. Vidare er han aktivt med i Bokn Røde Kors Hjelpekorps. Han er ikkje lenger særleg aktiv i fotball, men har vore det tidlegare, og er medlem i idrettslaget. Med oppvekst og dagleg kontakt til sjøen er han også med i båtforeninga.

FAGBREV SOM KOKK


Frå oktober 1998 leigde Tor Harald saman med Marit Øvrebø Alvestadkroken Landhandel av Steinar Alvestad.

Som bygdaflatet sine lesarar tidlegare har sett i bladet, går drifta fint. For utanforståande skulle ein tru at denne butikken var litt tungdriven i og med at varene må berast opp ei trapp før dei kan setjast opp i hyllene, men Tor Harald seier at det var tyngre og meir stressande å job-

ba som kokk, mykje på grunn av tidspresset og krav til gode produkt. I den tida var det ikkje fritt for at han kjende belastninga i ryggen. Dei første 9 mnd. på butikken, tok han resten av praksisen sin som lærling, og avla så kokkefagprøven. Seinare har det mest blitt bukk og politikk.

PÅGANGSMOT


Mange vil nok meina at Tor Harald passar betre i bukk direkte mot kundane, enn bak i kulissene på eit kjøkken. Skal ein driva bukk må ein yta service og ta seg av kundane, og mange synes at Tor Harald er rett mann på rett plass i denne type jobb.



Her ser du vår mann på sin eigentlege jobb – heimebane. Han har utført ein del oppdrag her på kjøkkenet på Sjøhuset til Steinar og Ingebjørg.

FRAMTIDA

Tor Harald ber ikkje akkurat preg av mismot eller ne-



Fiskar blei han ikkje, men fiskestanga kan han handtera. Det er vel tvilsamt om det i næraste framtid blir så mykje til overs til slike fritidsaktivitetar.

gativt syn på framtida, verken når det gjeld seg sjølv eller Bokn som lokalsamfunn. Snarare tvert imot. Når det gjeld arbeidsplassar meiner han at det er mykje som er uprøvd, og at Bokn ligg greit til rette mellom to store befolkningssentra i nord og sør. Han meiner også at me nyttar dårleg ut det faktum at så mykje trafikk går gjennom kommunen. Elles synes han det er viktig å bygga på dei naturgitte forutsetningane, særleg ved at kommunen ligg så godt til rette for sjøretta aktivitet.

Innbyggjartalet er han opptatt av, og meiner at det i alle fall ikkje bør gå ned. Det bør vera såpass som i dag, og helst noko høgare for å kunna oppretthalda velferdstilboda i kommunen.

Som polititar vil han særleg arbeida for å leggja tilhøva til rette for barn og unge, marknadsføra kommunen betre enn i dag og arbeida for at det blir lagt til rette for utvikling av fleire arbeidsplasser.

Tusenårsskiftet år 3000

31.12.2999 Kf. 24:00

Det finnes bare 5 land på jorden: Asia, Amerika, Afrika, Europa og Ocean. Alle landene har datastyrte forsvarssystemer, hver med 200 megatonn atombomber.

Big Ben som er erstattet med Tikk Takk, verdens mest nøyaktige atomur, slår tolv på nyttårsaften 2999.

Alle verdens forsvarssystemer bryter sammen og fyrrer løs, alt liv på jorden utslettes.

Hadde det bare vært fred på jorda.

Jen\$ Are 8. klasse

"FØRARPRØVE" I ALKOHOLLOVA

Tekst & foto: Reidar Alvestad

PRØVE FOR ALLE SOM SKAL SELJA ELLER SKJENKA ALKOHOL

Dagens alkohollov krev at alle styrarar og stedfortredarar i verksemdar som har sals- eller skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, skal dokumentera kunnskap om alkohollova, forskrifter m.v. Bestemmelsen om dokumentasjon av kunnskap kom ikkje i kraft på same tid som den nye alkohollova for eit par år sidan. Grunnen til dette var at det måtte utviklast forskrift om ordninga, noko som har tatt tid.

Alle nåverande løyve for sal og skjenking av alkohol i Bokn går ut ved utgangen av juni dette året, og butikane i Føresvik og Alvestadkroken har på nytt søkt om fornying av salsløyve for øl. Også Sjøhuset i Alvestadkroken og Arsvågen møte- og selskapslokale har søkt om fornying av nåverande skjenkeløyve for øl og vin. Men dette kan dei altså ikkje få utan at dei har bestått ein prøve som viser at dei har gode kunnskapar om alkohollova sine ulike bestemmelser.

"FØRARPRØVE"

Prøvene for salsløyve og skjenkeløyve er ikkje like. For at ein skal bli godkjend som styrar eller nestansvarleg, må ein ha greidd prøven for det løyvet som verksemda har. Det betyr at ein må ha kunnskap om dei føresegnene som regulerer løyvet. Det krev at ein kjenner til reglane som gjeld for tildeling av løyve, og veit kva for rettar og plikter eit løyve gjev. Ein må også m.a. vita kva krav lovverket set til bruken av løyvet og kva som skal til for at løyvet blir inndrege.

INGEN STRAUK

Det var i alt 6 personar som gjekk opp til prøven i kunnskap om alkohollova den 27. mars på Allrommet i Boknatun. Kandidatane fekk 45 minutt til prøva – som inneheldt 75 påstandar. Av desse var 21 korrekte. Desse skulle kryssast av. For å bestå prøven, måtte



5 tilfredse eksamenskandidatar som har fått eksamensbevis i handa. Frå v.: Annette Bokneberg, Tor Harald Alvestad, Marit Øvrebø, Helga Foss og Annbjørn Sunde.

Også Finn Erik Drange og Steinar Alvestad har også bestått prøven, men var ikkje til stades då biletet vart tatt.

kandidatane ha minst 16 rette av 21. Og dette greidde altså alle.

FØREBYGGJANDE TILTAK


Ein kan nok seia at kravet om at innehavarane av sals- og skjenkeløyve av alkohol må dokumentera at dei har reell kunnskap om alkohollova, er med på å sikra at omsetninga av alkohol foregår etter dei reglane som sentrale styresmakter har sett i form av lov og forskrifter. Dermed kan dei som gir løyve vera tryggare på at omsetninga foregår i samsvar med dei reglane som er sett i lov og forskrifter.

Det utelukkar likevel ikkje at kommunane også i tillegg er pålagde å føra kontroll med omsetninga.

Påskeharen

I Tyskland og Sveits dukket påskeharen opp som påskesymbol på 1700-tallet. I Nederland er det ikke så vanlig med sjokolade-egg. Der finner barna fargede, hardkokte egg, som påskeharen har gjemt utendørs.

Fra gammelt av var påskeharen et fruktbarhetsymbol. Tyskerne bragte den med seg til USA.



KLUBBKVELD!!!

Tekst & foto: Ann-Kristin Grønnestad

Den 25. mars hadde vi på nytt en klubbkveld (ungdomstreff) på skolen, og det var nesten tredve ungdommer tilstede.

Det er et ganske høyt tall, når en tar i betraktning hvor mange ungdommer Bokn kommune har. Vi vil selvfølgelig at flest mulig kommer, derfor prøver vi å variere hovedaktiviteten vår fra gang til gang. Men det er de samme ungdommene som kommer, uansett, men vi må nok bare innse at det ikke er alle som blir fristet av tilbudene våre.

Så hvorfor ikke heller konsentrere oss om de som benytter seg av tilbudet, som melder seg på kurser og utflukter, som kommer med forslag til forskjellige ting når jeg ber dem om det? De som er ivrige, hjelpsomme og engasjerte, og setter pris på at det endelig er et tilbud til dem på lørdagene?

Jo – fordi det *irriterer* meg, at de ungdommene som ikke kommer, kanskje aldri har vært på klubbkveldene våre, har kanskje ikke peiling på hva vi driver med, har kanskje aldri ytret et ønske om eller bidratt til at noe skulle skje for dem, og så klager de over at Bokn er så kjedelig, og at kommunen ikke tar seg av ungdommene sine!!

Nei, fra nå av skal vi være fornøyde med de ungdommene våre (stamgjestene), som *er* med, og som deltar aktivt for å få det litt morsomt. All heder og ære til dere!


På forrige klubbkveld hadde vi Bente Kvinnesland på besøk, hun er en meget dyktig frisør fra Spektrum Frisør i Haugesund. En av guttene og en av jentene ble trukket ut til å få en gratis hårklipp, samt råd og vink om frisyren. Bente svarte også på spørsmål fra de som så på. Bente skulle også legge make-up på en av jentene, og siden påmeldingen var stor, måtte vi trekke. De to som ble trukket ut til hårklipping var Vegar Våge og Cathrine Almås, og sminking ble Kristina Faye trukket ut til.

Dere ser sikkert av bildene at alle tre ble kjempeflotte! Vi vil takke Bente for at hun stilte opp, og for å ha gjort en flott jobb!

Ellers hadde vi stort sett de samme aktivitetene for oss denne gang, som før. Data, volleyball, musikk, kiosk, og vi hadde tre elever fra niendeklassen, som lagde vafler. Disse solgte de, og de fikk to tredjedeler av for tjenesten selv. Klassen sparer penger til skoleturen i tiendeklassen.



Her er Bente i full gang med å sminke Kristina.



Data, en fast og populær aktivitet.

Vaflene var knallgode, de hadde det morsomt mens de lagde de, og de ryddet fint opp etterpå. Flotte greier!

Neste klubbkveld gjør vi en liten vri på saker og ting. Da skal vi nemlig ikke være her på øya lenger, men drar til Haugesund, først for å bowle, så skal vi spise nede i byen, et sted. Kanskje trenger vi noen "ledere" som kan være med, det kommer an på hvor mange som melder seg på. Men jeg regner med at jeg har foreldre/foresatte i bakhånd??!

Hilsen Ann-Kristin

Vi er nå inne i en periode med mye negativt i trafikken og det meste av dette "tilhører" ungdommen. Hvem av dem er det som tror de er udødelige, og hvorfor vil en del følge "oppskrifter" på "Russisk rullett"?

- * Ungdomsulykkene er i sterk økning, noe som har ført til at vi i Rogaland hittil i år har en eneste stor tragedie når det gjelder trafikkulykker så langt i 2000.
- * Hvem av ungdommene er det som føler slik stor trang til å teste ut biler og fart? Hvem har lært dem at det er politiet de skal lure? Egentlig lurar de seg selv, med den store risikoen for at ulykker skal skje.
- * Slik en del av ungdommen kjører i dag, er risikoen for å bli drept omtrent som ved Russisk rullett. Det går bra en stund, men sjansen for at det alltid skal gå bra er minimal, og en dag skjer tragedien.
- * Får de unge den faglige kvaliteten som er nødvendig for at de skal bli trafikk-sikre, og får de nok trening før de selv skal beherske den dødsmaskinen som en bil kan være, og dessverre ofte blir.

Ungdomsulykkene er på veg rett til værs, både dødsulykker og skadde. Vi spør hva dette skyldes, er det en trend i tiden, er det videofilmer og "makabre" spill, eller er det informasjon de finner på Internett der de rett og slett blir oppfordret til denne dødsleken?

Hvis det er slike oppfordringer de unge ønsker å teste seg på, vil vi gjerne spørre hvilke ungdommer er det som er så lettlyrt? Er det noen som tror de imponerer andre med en slik dødslek, eller er det svake sjeler som kanskje ikke har noe bedre å vise til?

Skulle det være ungdom som tror at de skal lure politiet på denne måten, tar de dessverre svært feil. Det er seg selv de lurar, fordi dette er rene dødsleken, de kunne like gjerne deltatt i Russisk rullett. Da hadde det i allefall kun gått utover dem selv. Mens, i ekstreme tilfeller som "Noen som tror de er kjempeglupe" oppfordrer til, kan de som prøver seg drepe både venner og uskyldige i andre biler som de møter.

Oppfordring til de unge.

Opplyste, intelligente og modne ungdommer i dag kan selv ta et valg, uten å la seg påvirke av Internett-sider som oppfordrer dem til å bli masse-mordere, eller at de skal påvirkes til å lure politiet. De fleste ungdommer forstår hvilke konsekvenser dette kan få for dem i ettertiden, enten de selv blir drept i en slik fart eller dreper andre.

Allerede er det nå 8 ungdommer mellom 15-24 år i Rogaland som er drept i trafikken i år, og vi frykter at minst like mange skal miste livet i resten av året. Jeg oppfordrer både de unge selv og foreldrene, de unge må ta ansvar for eget liv som fører av et kjøretøy, og for andres liv både som deres passasjerer og de møtende trafikantene.

Skulle dere komme opp i en slik tragedie, vil det forfølge dere resten av livet. Det er nok av folk å spørre hvis dere ikke tror at dette er sant.

MINNEORD

Minny Elise Gunderstad er død, nær 72 år gammel.

Minny ble født 03.03.1928, foreldrene var Karen og Severin Øvrebø. Hun vokste opp i en trygg og god heim på fården Øvrebø på Austre Bokn. Minny var eldst i en søskenflokk på tre jenter.

I ungdomstiden tok hun seg først jobb i Stavanger, senere i Bergen. Det var i Bergen hun traff Knut Gundertad, som hun senere giftet seg med. De slo seg ned på gården Gunnarstad, som Knut hadde overtatt etter sine foreldre noe tidligere. Knut var sjømann før han begynte på Bokn Plast i 1972. Derfor tok Minny seg av gårdsdriften dei første årene.

I desember 1999 fikk hun beskjed om at hun hadde hjernesvulst. Minny hadde god tro på at hun skulle bli frisk, men dessverre var svulsten ondartet og umulig å fjerne helt. Det gikk raskt nedover, og natt til 15. februar sovnet Minny stille og rolig inn på Bokn Sjuke-kestone.

Minny var en uerstattelig god og kjærlig mor, svigermor og mormor, og vil bli sårt savnet. Hun var et utrolig varmt og godt medmenneske både i gleder og sorger. Minny etterlater seg tre døtre, tre svigersønner og seks barnebarn.

MINNEORD

Johannes D. Øvrebø er død, nær 81 år gamal.

Han vart fødd og voks opp på Øvrebø, Austre Bokn. Foreldra var Hanna og Daniel Øvrebø, og Johannes var den midterste av tre sysken. Han gifta seg med Ingeborg Grønnestad.

Familien på Austre Bokn var kjent for å bygga båtar i Gongstø, og som både son og sone-son av båtbyggjarar var det naturleg at båt og sjø blei yrket hans. I huset i Føresvik heng eit hedersbevis på 25 års teneste, 1955 – 1980, i *Det Stavangerske Dampskibsselskap*. M.a. var Johannes på natruta *Stavanger 1*, og på Boknaferja, populært kalla *Gullhønå*.

Når Johannes fekk vera ute i motorbåten og setja trollgarn, koste han seg stort. Han selde og gav bort mykje fisk, og telefonen stod ikkje stille når det nærma seg jul. Elles var hagearbeid ein av hobbyane hans.



Johannes var ein flink, samvittighetsfull og ærlig arbeidsmann, og alt som skulle gjerast blei gjort.

Ein snill og rettskaffen mann, populært kalla *Gongstø*, har gått bort.

Han etterlet seg kone og to søstre.

BOKN BÅTFORENING

I mars arrangerte Bokn Båtforening VHF-kurs. Det var fire kurskvelder i tillegg til eksamen. Lars Sigmund Alvestad var instruktør, og Jacobsen fra Radiokontrollen var sensor på eksamen.

De som deltok var: Espen Alvestad, Tor Harald Alvestad, Johannes Nilsen, Elin Thorsen, May Jorunn Vatnaland, Trine Grønnestad, Bernhard Våge og Bernt Øvrebø.

Det var en ivrig gjeng som bestod med glans og kan skryte av å være innehaver av VHF-sertifikat.

Bokn Båtforening trenger gamle bildekk. Har du noen som du vil bli kvitt, kan du kontakte Trond Vatnaland, 52 74 86 48 / 90 69 43 50 eller Arild Nilssen, 52 74 86 19.

Arrangementer i distriktet som kan være av interesse for båtfolk og andre interesserte:

- Båtmesse i Tananger 27-28 mai.
- Kvitsøydagane 9-10 juni.
- "Ta sjansen" i Vågholmen (Humraparken) 17. juni.
- Slusedager, Skjoldastraumen 23-24 juni.
- Borgøydagen 25. juni.
- Skudefestivalen 28. juni – 2. juli.
- Marknadsdag, Krojen 8. juli.
- Stjernarøymarknaden 15. juli.

Kaffetrakteren er nå på plass, så på søndagene frem til båtsesongen starter har vi kaffeslabberas fra kl 11.00 til 12.30 på sjøhuset til Egil Ognøy i Alvestadkroken.

For medlemskap i Bokn Båtforening ,
kontakt Espen Alvestad,
telefon 52 74 86 43.



BARNEHAGEN
INFORMERER



NY BARNEHAGE:

Ein skal no, etter lang ventetid, starta med byggearbeidene på den nye barnehagen. Dette blir ei dramatisk auke i barnehetilbodet i kommunen. MEN, ein ligg noko etter skjemaet, noko som fører til at ein ikkje klarar å åpne til august.

I skrivande stund veit ein ikkje kva tid barnehagen vil stå klar, men me satsar på at innan november/desember vil han stå klar.

Eg vil i denne anledning oppfordra alle boknarar til å følgje med på kva tid første spadestikk vil bli gjort, dette veit ein heller ikkje no. Men det me veit er at det er ordførar Alvestad som vil ta det første spadetaket.

OPPTAKET BARNEHAGEÅRET

Me vil foreta endeleg opptak av barnehageåret umiddelbart etter kontraktsforhandlingane ang. ny barnehage. Opninga vil difor ha ei rolle i opptaket. Beskjed om opptak vil bli sendt ut umiddelbart etter opptaksmøtet.

Jarle Haakonseth
Seksjonssjef barnehage


ÆKSPLOKAOOTISK!

Bomber og granatar dei regnar ned.
Mitraljøsene knattrar og tankane brøler.
Flya suser i umenneskeleg fart og slepp deira dødelige last over oss.
Kavaleriet trampar oss ned med
berre ein tanke i hovudet
"to skot i kroppen, eit i hovudet"
Kvinner og barn, først og la dei gamle også svi.
Men mannfolka skal då takast hardest, for det er jo dei som utgjør faren her.


Er det, slik du, eg, vi, vil at framtida skal bli??
Eller ikkje.

Tenk, no!!

Mustafa, 9. klasse



SKULEN INFORMERER



INGJERD THUESTAD REKTOR VED BOKN SKULE

Utdanningsdirektøren har ved tidlegare tilsynsbesøk i Bokn gjort merksam på at kommunen si organisering av skulesektoren ikkje har vore tilfredsstillande etter lovverket (tidl. grunnskulelova §27.2, no opplæringslova § 13.1).

Lovverket krev eit skilje mellom skuleleiing (rektor) og skulefagleg ansvarleg på kommunenivå (seksjonssjef), mens Bokn kommune har hatt dette som ei kombinasjonsstilling, med 20% stilling som rektor og 80% som seksjonssjef.

Administrasjonsutvalet har no gjort vedtak om at Bokn kommune ikkje lenger skal ha ei slik kombinasjonsstilling.

Rådmannen har drøfta vedtaket med Bokn lærar

lag og alle partar er samde om at endringa på visse vilkår trer i kraft straks på følgjande måte:

- Dag Halvorsen har valt å halda fram i stillinga som seksjonssjef.
- Ingjerd Thuestad får si stilling som undervisningsinspektør omgjort til rektorstilling.
- Det blir førebels ikkje oppretta ny stilling som undervisningsinspektør.

Omorganiseringa endrar ikkje det samla stillingstallet, og føreset av den grunn at arbeidsoppgåver tilsvarende 20% stilling blir flytta frå rektor til seksjonssjefen.

*Dag Halvorsen
seksjonssjef skule*



TEKNISK INFORMERER



NYE TOMTEEIERE PÅ ØYRENFELTET

Framdriften på Øyrenfeltet går etter planen. Feltet ventest ferdig i juli, men selv om det fortsatt gjennstår mye arbeid er de fleste tomtene byggeklare.

Kommunen har nå tildelt etter loddtrekning de første tomtene på Øyrenfeltet og de heldige er:

- Oddvar Øvrebø
- Alv Erland
- Ragnar Næss
- Helge Milje
- Kurt Jøsang
- Kurt Harald Nærbø
- Fredrik Faye og Anne Løvereide.

I tillegg er 3 tomter tildelt grunneiere.

Byggfeltet inneholder 25 tomter slik at det fortsatt er 15 tomter ledige.

Tomtesøkere vil heretter bli tildelt tomt etterhvert som de henvender seg.

Tomteprisene varierer fra kr. 120.000,- til 150.000,-, eksklusiv tilknytningsavgifter for vann og kloakk som tilsvarer ca. kr. 50.000,-

Søker har imidlertid krav på rabatt for hvert av følgende kriterier:

- Søker er under 30 år
- Søker har barn under 18 år
- Søker bygger bolig med livsløpsstandard

Hvert kriterie gir en rabatt på kr. 20.000,- slik at en søker kan oppnå kr. 60.000,- i prisreduksjon.

Informasjon om feltet vil bli lagt inn på kommunens hjemmeside.

Vi ønsker alle nybyggerene velkommen og håper de vil trives på Øyren!

KULTURMIDLAR 2000

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå driftsstyret. Dei som søkte i fjor får automatisk tilsendt søknadsskjema i posten i veke 17. Ev. andre søkjarar vil få søknadsskjema ved å kontakta Jardar på kulturkontoret.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 1.500,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 1999 og budsjett for 2000 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

- Kulturmidlane det blir søkt om skal bakast/bør vera bakt inn i budsjettet for 2000, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Dette er krav som driftsstyret stiller, og som må oppfyllest for å få stønad

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Kulturmidlane for 200 blir fordelte i driftsstyremøte i juni.

SØKNADSFRIST: 26. MAI

HØYTRYKKSSPYLER

av typen KEW 6100 PROFESJONELL t.s.

Ikke br., ny pris kr. 4.500,- selges kr. 2.500,-

Kontakt Bokn hagelag ,

May Jorunn Vatnaland 52 74 86 48 el.

Andreas Nemeth 52 74 86 61

Vi trenger møbler!!!

Petra Fritidsklubb trenger *nye* bruktmøbler til lokalene sine. Har du en sofa du ikke bruker eller ikke trenger?

Kanskje du har et bord, eller noen stoler i kjelleren som bare står og opptar plass? En kommode kunne vi også hatt bruk for, og hyller av diverse slag.

Har du et møbel vi har veldig lyst på, men som du kanskje kunne tenke deg å få en slant for, så kan vi jo sikkert bli enig om en pris.

Ta kontakt med oss på telefon: 5274 84 01, så kan vi eventuelt komme og hente det du vil bli kvitt.

Hilsen Petra Fritidsklubb



BOKN KOMMUNE
SEKSJON SKULE
5561 BOKN

Innskriving av elevar i 1. klasse i Bokn, for skuleåret 2000/2001.

Velkomen til innskriving for 1. klasse
2000/2001 på Bokn skule
fredag 28. april kl 0830.

Alle barn i Bokn som er fødte i 1994 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeins er det høve til å søkja om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 1999. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sak-kunnig vurdering frå PPT. Søknadsfrist for begge er 15. mai 2000.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule

Med helsing
Ingjerd Thuestad,
rektor


HUNDEEIGARAR, PASS PÅ!

Det vrimlar av hundeskit, både langs vegane og på Føresvik Turveg.

Ein lesar observerte 12 porsjonar med drit frå hund på eine sida langs ein veg på eit 200 meters strekk. Uappetitteleg og uhygienisk! Tenk t.d. på småungar langs vegen som vil ha seg ein smaksprøve, det er fleire variantar å velja mellom.

Mange hundeeigarar er flinke, og tar opp desse usmakelege spora etter kjæledyret sitt med ein gong, medan mange kan bli mykje flinkare. Skjerp dykk!

Hugs også båndtvangen, heile året.....



VIKAR

P.g.a. farspermisjonen min i mai, vil Annette Bokneberg vikariera i arbeidet med dette bladet.

Alle henvendelsar til kommunen om Bygdabladet, enten det gjeld abonnement, levering av stoff, eller andre spørsmål og kommentarar, skal i denne perioden skje til Annette, eller til Servicetorget.

Annette vil arbeida med slutten av mai-utgåva og byrjinga av juni-utgåva.

Frist for levering av stoff vil bli etter avtale med henne. Hugs at levering av "småstoff" rett før bladet går til trykking, ofte er til hjelp for redigeringa av bladet.

- redaktøren -

2000 –tekst

Mange spådde at år 2000 ville bli dommedag
og at alt ville bli ubrukeleg.

Heldigvis gjekk det ikkje sånn, lite gjekk gale i

Årtusenskiiftet, så all uroa var å overdrive.

Fleire millionar i fyrverkeri blei brukt, kanskje meinar
mange at pengene kunne bli brukt til andre ting?

Var det verdt å bruke så mykje pengar på å feire eit
nytt årtusen?

Ikkje så mange endringar har skjedd, mange trur at
dette året blir heilt likt det siste. La oss nå håpe at det
blir eit fredelegare år, der krigar tar slutt og ressurser
blir delte.

Ein verden der alle er brør og systre, så får me heller
venta 1000 år til på dommedag.

Av Sindre Nygaard

ÅR 2000!

Mange håper på fred i år 2000, at det nye millennium
vil bringe nye veier for menneskeheten.

Men blir ikkje dette litt mye ,

2000 er bare et årstall i den

Kristne religion.

Andre religioner har ikkje passert 1600

og noen er i 2500 snart. Det vi må passe på å gjøre
er å arbeide for positiv utvikling, slik at vi kan leve
videre...

Rene Alvestad

INNE HOS ERIK


Tekst & foto Reidar Alvstad



ENDRA BYGGESTIL

Då eg som medarbeidar i bygdbladet tidleg på hausten i fjor starta opp med å presentera ein del hus på Bokn som hadde fått ei "ansiktsløfting", så var det fordi eg hadde sett at det den siste tida var blitt ein god del positivt å peika på. Då eg skulle førebu første reportasjen måtte eg tenkja meg om kor på Bokn eg i den siste tida hadde sett hus som var under omarbeiding og restaurering. Eg hadde sett at det skjedde noko med Erik sitt hus, og bestemte meg då for å dra ut.

Eg trur at det særleg var i 1950-60- og -70 åra at mange fekk råd til å setja husa sine i betre stand. Og mange fekk gode hus, men her i Bokn meiner eg det burde vore



Slik såg huset ut for vel 1/2 år sidan. Innvendig var det under ombygging, og Erik lova at eg skulle få koma tilbake når det var ferdig og laga ein reportasje.

lagt meir vekt på nedarva byggetradisjonar når det gjeld utbetringane. Men å kritisera og klaga fører ingen veg. Difor trur eg me må prøva å trekka fram eksempel på gode resultat slik som hos Erik, og som sagt, smak og behag er ulike. Uansett, så synes i alle fall eg at det er interessant når ein på reiser rundt om i landet finn mange eksempel på at byggestilen er tatt vare på, og er ulike frå område til område. Det er heller ikkje tilfeldig at dei ulike landsdelar har eigne byggestilar, for dette har med årelang tradisjon og erfaring å gjera, med verlag, tilgang på materialer osv.

FINT NATUROMRÅDE

På vegen til Erik passerer eg Jøsenvågen. Det er nok mange med meg som synes dette området på begge sider av vågen er ei naturperle, og etter kvart er det kome ein god del hytter her. Ein del av desse ligg litt innover på Lodalandet i sør, og mellom Jøsenvågen og Strau-


men. Det er kome fleire sjøhusliknande hytter på begge sider av vågen. Eg synes desse er fine, både dei gamle som er ombygde, og dei nye. Eit anna spørsmål er det kor mange hytter området kan tåla.

SAMSVAR UTE OG INNE

Erik skal leggja masse stein på framsida av huset, og mura trapp av natursteien frå Austre Bokn ved hovudinngangen på framsida av huset. Difor ligg det flust med stein på framsida. Når du går inn i huset, ser du snart at det er samsvar mellom uvendig utsjånad og innvendig utforming av huset.




Her ser du ein del av steinhellene som skal bli til trapp og uteplass på framsida av huset. På dette biletet ser du også at det er sett opp hjørnekasse på næraste hjørne av huset. Det er litt vanskeleg å sjå mønsteret i kassen på dette biletet.



Biinngang frå oppsida i sørvest. I næraste søre ende ligg stova tvers over huset med dobbel dør ut mot verandaen. Kjøkkenet har så dei to neste vindaugo som du ser midt på huset. Som du ser her, er Erik ikkje ferdig med alle hjørneborda. Spira på endane er heller ikkje ferdige.

RESTAURERING OG RENOVERING

Mange gonger brukar me nok desse uttrykka om ein annan utan å tenkja på kva dei eigentleg betyr. Erik seier at han har **renovert** huset. Dersom han skulle **restaurert** det, ville det vore mykje vanskelegare. Han meiner at å restaurera eit hus betyr i hovudsak å tilbakeføra det til nærma opprinneleg stand, med tilpassing til dagens bruk. I dette tilfellet var det så og seia umuleg, i og med at det var gjort større endringar tidlegare i fleire omgangar. Det Erik har gjort, er å renovera huset. Men han har likevel ført alt tilbake til gamal stil som t.d. at alle vindauge er kopla, utan termopanglas, listverk er delvis laga og bestilt i spesielle mønstre. Kjøkkeninnredninga har Erik sjølv for det meste laga og delvis pussa opp gammalt. I peisen på kjøkkenet har han nytta trappestein som han fann ved inngangen på huset. Erik har sjølv teikna eldstadene i stova og på kjøkkenet, og på kjøkkenet har han gjort murararbeidet.



Kjøkkengolv med portugisisk skifer med varme under, sjølv laga peis og gjenbruk av kjøkkeninnredning er blitt flott. Dobbel glasdør til stova i sør.

MALETEKNIKKAR

Erik har gått kurs i maleteknikk, og har sjølv restaurert ein kommode som sto i huset. På denne har han brukt ein



På vestveggen i stova står den gamle kommoden som Erik sjølv har ådra.

gamal teknikk som kallast å **ådra**.

Legg merke til golvet på føregåande bilete som er mala i to brunfargar. Eit mørkare felt er mala i eit felt langs veggene. I skiljet mellom fargane skal det malast ei linje, og på langsiden og i hjørnene skal dekormalaren Kåre Linseth hjelpa Erik med å mala sjablongar.

Etter renoveringa har huset ikkje så mykje som ei tapetremse på veggene. På kjøkkenet har han noko malt panel, men elles er t.d. veggene i stova papp og malt etter gamal tradisjon. Alt går i oljemaling i fargar som er funne i huset. Det eg såg gjekk i lyse gul-grøne fargar. Erik



Biletet er tatt frå kjøkkendøra mot det søraustre hjørna av stova. I bakgrunnen ein eldre sofa som er laga av forfedrar som Erik sør for Boknafjorden. I forgrunnen ein Biedermeier sofa.

seier at det er mykje finare glans i oljemaling enn latex.

INTERESSE FOR BYGGESKIKK

Erik har gjennom arbeidet sitt som byggmeister hatt mange oppdrag med m.a. å renovera og restaurera eldre hus. Han har då fått kontakt med mange handverkarar og fagfolk som er særleg kunnskapsrike på desse områda.



Dobbel hovudinngangsdør mot aust. Legg merke til listverket rundt døra og avslutninga av dette mot golvet. Det er slike detaljar over alt som gjer det heile til ein harmonisk heilskap.

Sjølvs har han tatt læretida si hos Øyvind Solstrand som også dreiv innan dette området, og fekk særleg interesse for dette. Etterpå melde han seg inn i Fortidsminneforeninga. Ein av dei personane Erik kjenner, er ein av Norges fremste ekspertar på dekormaling og rose- og andre gamle maleteknikkar. Han heiter Kåre Linseth, og har hatt mange større arbeid rundt i landet på bygg av av nasjonal bevaringsmessig interesse. Han har vore med og funne gamle fargar i huset, og skal m.a. hjelpe til med dekormaling av golvet i stova.

Erik seier at det har vore mykje meir merksemd om bevaring av byggeskikk i byane. Her finn ein mykje att som er tatt vare på. Også i andre område i vårt distrikt er meir bevart enn her i Bokn. Kva som er grunnen til dette, kan ein undra seg over.

NOK Å HENGA FINGRANE I

Erik seier sjølv at han har brukt mykje av fritida si på husprosjektet. Han overtok garden for om lag 3 år sidan, og har halde på med ombygginga rundt 1 1/2 år. Dette er gjort i tillegg til at han er i fullt arbeid, og i tillegg til at han har gard med mjølkekyr. Fritidsproblem kan han ikkje ha.

IKKJE NYTT INTERIØRBLAD

Som utsend medarbeidar for bygdbladet har eg tatt mange bilete av hus i Bokn, og mange har fine hus både utvendig og innvendig. Av og til har eg sett så fine og gjennomtenkte interiør at det kunne vore interessant å



Stova sett mot utgangsdøra til veranda i vest, og mot inngang til kjøkken.

skriva om det. Men det har ikkje blitt gjort, for Bygdbladet skal sjølvsagt ikkje vera noko interiørmagasin. Når det nå blei ein slik reportasje, var det fordi det passa godt inn i byggeskikkserien vår. Erik har hatt ein klar og gjennomarbeidd plan med renoveringa, basert på kunnskapar om tidlegare teknikkar innan faget.

HUS MED SJEL

I fantasien kan me av og til laga oss forestillingar om hus. I hovudet mitt identifiserer eg av og til utsjånaden av eit hus med folk som bur der. Viss eg ikkje kjenner dei som bur i huset, kan eg også gjera meg opp andre

tankar om hus som eg ser. Nokre ser omtrent vennlege ut, andre ser på deg med vidopne auger, særleg dersom det er skifta til store, mørke vindaugo.

Det er ikkje slik å forstå at eg alltid synes renovering av gamle hus er fint fordi det er sett inn smårutete vindaugo. Det bør vera gjort med plan og fornuft om korleis ting kan passa i hop.

Eg synes Erik Våga har fått til eit flott og heilskapleg prosjekt med huset sitt, sjølv om alt ikkje er heilt ferdig ennå. Dersom du ein gong kjem innom, får du kanskje som meg ei kjensle av at dette er eit hus med sjel og harmoni.



Inngangspartiet ved hovudinngangen er rommeleg. Den gamle slagbenken har høyrte til på garden og er det første du ser når du kjem inn. På Inngangen til stova er på venstre hand når du kjem inn. Til høgre trapp opp, eller vidare til kjøkken, bad, eller gjennom huset til biinngang på vestsida.

2000-tekst

Den tid, når vi
må

gå med masker.

Eller kanskje

Ikke.

Den tid, når vi

må

halde oss mest mogleg
inne.

Eller kanskje

ikke.

Den tid, da vi kan seie

Kva vi vil.

Vi håper,

Eg håper

At vi ein gang,

Vil vere

Fri

Helen Grønnestad 9. klasse

Solnedgang

Eg minnest solnedgangen i 1999.

Den siste solnedgangen i 1999.

Eg lurar på korleis den første solnedgangen i år 2000 blir.

Eller den siste for den saks skuld. Kanskje blir den siste solnedgangen i det neste årtusenet like trist og overskya som den siste i dette.

Eller kanskje det ikkje blir noen solnedgang i år 2999 i det heile tatt. Kanskje det da ikkje lengre er menneske igjen på jorda som kan glede seg over han.

Kanskje sola har eksplodert.

Kanskje romvesener har drepe oss alle.

Kanskje det ikkje var mat igjen.

Men tenk viss det var mat igjen og sola ikkje hadde eksplodert. Tenk viss menneska fortsatt lever her på jorda og

kan glede seg over solnedgangane.

Tenk viss den siste solnedgangen i 2999 er prikk lik den vi hadde i 1999.

Tenk viss...

Eivind Moi Eikje

OPPSØKANDE JOURNALISTIKK

Det er på sin plass å gjenta at Bygdabladet dessverre ikkje har kapasitet til å driva oppsøkande journalistikk; å automatisk vera til stades på stort sett alle arrangement rundt omkring i bygda, og laga reportasje frå desse i bladet.

Folk må visa forståelse for dette, og ikkje bli småfornærma etter eit arrangement der Bygdabladet skulle vore der, men ikkje var der. Hugs at det er eit blad, og ikkje ei avis.

Bladnemnda og underteikna har ei liste over ting som me vil ha med i bladet framover, og arrangement i Kulturkalenderen er sjølv sagt med i vurderinga, men er som sagt avhengig av ressursar. Det er ikkje viljen det kjem an på.

Som eg har sagt før, blir Bygdabladet eit betre blad med meir tilføring av ressursar.

Ta kontakt i god tid på før eit arrangement du vil at Bygdabladet skal dekkja, eller kom og lån eit kamera og skriv sjølv. Mange gjer det, og då kjem det også heilt sikkert med i bladet.

- redaktøren -

PLANTEBYTTEDAG

Lørdag 13. mai klokken 13:00
arrangeres plantebyttedag på skulen.

Vi håper på godt oppmøte som i fjor. Det blir salg av lapper, kaffe og lodd.

Salg av diverse planter fra gartner. Felleskjøpet kommer fra Haugesund og ungane har loppemarked.

Vel møtt !

Helsing styret i Bokn hagelag

NY BARNEHAGE

Me skal nå starta arbeidet med å bygga den nye barnehagen i Bokn.

Det første spadestikket vil varaordføraren ta tysdag den 02.05.2000. Klokkeslettet er ikkje heilt klart, men dette kan ein få ved å henvenda seg til servicetorget eller barnehagen.

Me vonar på stort frammøte, og frå pressa.

Jarle Haakonseth
sekksjonssjef barnehage

TUSENÅRSTALE

- skriven og framført av Birger Lindanger nyttårsaftan 1999/2000 -

Gode boknarar!

Så står me ved skiftet mellom to tusenår. På ein måte er eit tusenårsskifte mest ein lek med tal – tilfeldigvis skal me feira eit nytt år med tri nullar i. Lat oss hugsa at det også finst andre tidsrekningar: t.d. den muslimske og den jødiske.

Ved trøskåla til eit nytt tusenår føler me likevel at me står ved eit tidsskifte - det blir så voldsomt mogje på ein gong. Sist det skjedde, var det slag ved Svolder. Og Erling Skjalgsson hadde fest på Sola. Sidan gjekk tusenåret med svartedaude, reformasjon, dansketid og fastlandssamband. Som tiå går ...!

Tusen år er både mykje og lite, det kjem an på koss me ser det. Tusen år er ein halv prosent av den tida det har budd menneske på jorda og ein femtedels promille av ein promille av den tida jorda har funnest! Og likevel er det få menneske som kan håpa på å leva eit heilt tusenår. Det meste ein kan håpa på, er 100 år, ca. 1/100 av eit tusenår. Og i gjennomsnitt kan bare kvart 14. menneske håpa på å oppleve eit tusenårsskifte.

Etter kva synsvinkel ein vel, er eit tusenår både mykje og lite. Men for dei fleste av oss tykkjast det alvorleg mykje. Det rekk så langt me kan sjå i tida – og mykje lenger. Kven kan vel tenkja seg korleis Bokn ser ut i år 3000, ved neste tusenårsskifte. Bare det å sjå fram til år 2100 verkar overveldande.

Lat oss stoppa litt ved denne milesteinen, midt i det store spranget mot framtida, trekkja pusten, sjå oss litt over aksla på den vegen som har ført oss der me er - og prøva å stirra inn i framtida – kvar går vegen vidare: for vår del, for Bokns del, for verdas del?

Tusenåret me har bak oss, har forma det meste. Norge blei stat, Bokn katolsk og sidan reformert, heilt i starten av tusenåret blei krossen erstatta av kyrkja, omgangsskulelæraren dukka opp, me fekk fattigstell, me blei eigen kommune, me fekk vegar, verdskrig og festning, ferjer, westamaranar og blei landfaste.

I starten – kring år 1000 - fanst det toppen par hundre boknarar, eit tal som fram mot 1350 steig til over 300. Så kom Svartedaude og folketallet fall til 120. Mot midten av 1800-talet blømde Bokn opp i sildefiske og sjøfart og nådde over tusen boknarar. Så braut fisket saman, skipsfarten gjekk over til damp og boknarane laut flytta i store flokkar – til Stavanger og USA – til det sat att i underkant av 700 på øyane her.

1900-talet sto i maskinanes preg. Dei tok over i fiskebåt og på åker, i heimane, på arbeidsplassane. I Føresvik tok "Plasten" over etter hermetikfabrikken som i si tid fylgde etter sildesalteriet. Gassrøyren knytter oss til Europa – gass over Bokn gjev varme i Tyskland. Bilane tok over for føter og færing, jamvel Oslo er bare ein dagstur unna. Flyplassen og den store verda ligg ein snau time unna. Internett, telefon og parabolantennar gjer verda tilgjengeleg i kvar heim. Heile Hauglandet er blitt eit grendelag. Men er det blitt nærare og varmare mellom menneska? Kva gjer me med det overskotet av tid som burde blitt når maskinane tok over? Har me fått fleire stader å møtast? Ein prektig skule, barnehage, ei moderne sjukestove, flotte butikkar, bibliotek og djupe kommunale korridorar er stader me møtest nå – men er me komne nærare kvarandre?

Utviklinga rullar stadig fortare. Medan Bokn i 1800 mest ikkje var til å skilja frå Bokn i 1000, er bygda snudd mest opp-ned dei siste to hundre åra. Og på mange vis er det rett å seia at det har skjedd meir sidan krigen enn i alle dei 950 åra som gjekk før. Etterkrigstida gav heimane straum, telefon, innlagt vatn, WC, bad, toalett og garasje. Tenk etter kva maskinane har betydd: kjøleskap, fryseboks, elektrisk komfyr, støvsugar, oppvaskmaskin og vaskemaskin. Og kvinnene har fått tid til å gå ut i jobb – det trengst to løner til å betala nyvinningane. Men er me komne nærare kvarandre? Bryr me oss meir om kvarandre?

I gamletida – tusenåret før vårt hundreår – budde folk tett saman på ein annan måte

enn i dag. I ein vanleg familie var det eit foreldrepar, born, besteforeldre, teneste-folk og kanskje eit legdslem som dreiv bruket, åt og levde tett saman. Om det ikkje fanst så mange boknarar, levde dei tett saman. I dag er det vel stundom mykje einsemd mellom maskinane. Er det slik at me ikkje finn kvarandre for bare maskinar?

Men noko står fast til alle tider – det er grunnleggjande menneskeleg. Til alle tider har gutar og jenter funne kvarandre og førd slekta vidare. Men medan dei før 1900 ikkje gjekk stort lenger enn til nabo-garden, dreg dei i dag land og strand for å finna nokon å dela livet med.

Dei hadde begge sine arbeidsområde – guten i båten og på åkeren, jentene i fjøset og husa. Dei hadde same bakgrunn, kjende kvarandre godt og hadde ein stor og nær familie som sette sterke grenser for korleis ein skulle te seg. Samlivsbrot høyrde ein så og seia aldri om, det var ikkje noko alternativ. Forresten laut ein vera to på garden for å overleva. Presten kunne i farne tider beint fram nekta folk å gifta seg om dei ikkje hadde levebrød. På eitt vis var dette bra. Men det skjulte seg også mange tragedier i ekteskap der partnarane ikkje gjekk godt saman. Men på eitt felt har livet blitt lettare, eit moderne helsevesen let dei fles-te borna leva opp.

For i den gamle tida før 1900 var ei verd der andre makter enn dei menneskelege rådde, ei verd der avstanden mellom liv og død var kort, eit tilvære der mennesket var sårbart for vind og vær. Svære epidemiar reiv på nokre vårmånadar med seg sjetteparten av alle menneska. Bagatell-messige sjukdommar i dag var dødelege då. Det var ei verd der kvar pinte føda or mold og hav – og nåde dei om det blei uår. Det var ei verd utan maskinar, der hande-makt dreiv det meste.

Det var ei verd der det overnaturlige var nært. Hulder, troll, gardvorar, draugar, åsgårdreider og utburar utfordra oss. Svartebok, bibel, kross og trylleformlar hjalp mot. Det var eit underleg og mang-faldig univers fundert på rike tradisjonar

og livleg fantasi. Alt hadde ei meining, naturen var busett av ei mengd vesen som stundom truga, stundom hjalp og som forklara alt det det uforklarlege. Men det var og eit Bokn der kyrkja og kristendom-men var fast tufta i medvitte til folk. Den danna plattform som heldt i liv og død, som gav visse for å møtast igjen. Alle sam-last i kyrkja, noko alternativ fanst ikkje.

Det var ei tid då kvar laut greia seg sjølv på ein heilt annan måte enn i dag. Det of-fentlege var lensmann og prest, fut og skri-var som organiserte og administrerte, men som eigentleg ikkje sette i livet konkrete tiltak til beste for folk flest. Skattane gjekk til administrasjon, det kongelege hoffet og ikkje minst dei uendelege krigane.

I dag går skattane stort sett med til å ta eit offentleg ansvar for den einskilde, til å leg-gja grunnlaget for eit betre samfunn, for bebuarar og næringsliv, til ein velutvikla kommunal administrasjon og ein kommu-ne som har eit ansvar for alle innbyggja-rar – ikkje minst dei som fell utanfor. Hel-se, skule, barnehagar, tannlegerøkt, lege-kontor, vassverk, kloakkar, søppeltøm-ming er stikkord her. Og også på Bokn tek ein tak for å verna om eit miljø som stre-var under trykket frå maskinane.


Ved utgangen av tusenåret har utviklinga skjedd i skremeleg fart. Og menn og kvin-ner får stadig tildelt nye roller. Framtida fortonar seg både trugande og lokkande. Er Europa i ferd med å bli ein sambands-stat? Får me tunell til Rennesøy? Kva gjer me med naturen vår – og kva gjer han med oss? Forsvinn Bokn som eigen kom-mune? Kva kjem i staden? Kjem det sjuk-dommar me ikkje greier hanskast med, greier me halda fred med kvarandre, blir me vener med svenskane att? Kva vil gen-manipuleringa føra med seg? Og kva skjer med datateknologien – vil datamaskinane etter kvart smelta saman med menneska? Mulighetene er mest uendelege, - og farene likeså. Kanskje blir den viktigaste utford-ringa i tusenåret som kjem å finna kvar-andre mellom maskinane?

Lukke til med det nye tusenåret!



Datahelg del 2

av Lars Morten Kro



Ja, så har det nok ein gong vore ei såkalla "datahelg" på skulen. Som kanskje fleire hugsa, var det mange problem sist, men nå gjekk det mykje betre. Fyrst var me på musikkrommet, og det var planen denne gongen òg, men sidan det var så mange som melde seg på, måtte gymsalen brukast.

Alle hugsa den helga "Sleipner" gjekk ned. Då var fleire frå Bokn samla for å spela data på skulens musikkrom. Seinare stod det ein artikkel i Bygdabladet om alle problema som skjedde der. I lengre tid har ei ny datahelg blitt planlagt. Og helga i månadsskifte mars/april blei den andre arrangert.

Som sist gong var det Svein Erik Kro som stod for det, pluss ein del hjelp frå diverse krefter, til dømes Sveinung Sæbø som hjelpte oss med lydanlegget. Skulen og kommunen har vore veldig hjelpsame når det gjeld utlåning av videoprojektor, gymsalen, og lydanlegget. Takk til dei som var med å bidro til at dette blei så bra som det blei.

I byrjinga (ca. to veker før det begynte) Var det få påmeldte, og det såg ut til at det kom til å gå i vasken heile greia. Men så, heilt plutselig blei fleire interesserte, og talet på påmeldte steig nærmare 20-talet. Større utval av ting som me skulle gjere kom



Her sov/sover dei som blei trøytte! Viss ikkje dette er svanemadrass så veit ikkje eg!

også etter kvart som me fekk til det eine etter det andre. På slutten, altså fredagen fekk me tak i det siste me hadde bruk for, og ein kan trygt sei at det var på hengande håret.

Det var fredags ettermiddag, klokka var sånn ca. 16.00, og fleire hadde allereie møtt opp, sjølv om

det var klokka 17.00 det skulle begynne. Å setta opp pultar og datamaskinane gjekk fort. Dei fleste hadde fått til nettverkskorta sine, men det var også nokon som ikkje fekk det til denne gongen heller. Sjølv om det ikkje var så mange som ikkje fekk det til, så gjekk ikkje alle heim for det. For fleire som ikkje hadde datamaskin, eller som hadde men ikkje fekk den til å fungere skikkeleg, var der også. Fleire var innom for å sjå kva som gjekk føre seg òg.

Den fyrste kvelden blei det mest spilling. Nokon såg "Matrix", ein film som blei vist på storskjerm. Andre steikte seg kveldsmat, som sjølvsagt var pizza. Som forrige gong var det det voldelege spillet "Counter-Strike" som var



Her er alle i full gong med å sette opp sine flottaste eigendelar! Som ein kan sjå, var det ein god del leidningar som låg rundt omkring. Nokon som veit kor mange meter??

favoritten. Nokon spilte og bilspill eller strategispill òg. Men det var fleirtal av skytegame morderar. Dette høyrtes kanskje litt voldsamt ut, noko som det var òg!

Dette viser bare til at fleire har tatt feil når dei seier at data er berre for "nerder" og idiotar. Eg skal ikkje nemne namn, men det er faktisk nokon som har sagt det! Datatreffet me hadde var morosamt, og me hadde det veldig sosialt! Faktisk så fekk ikkje ingen av oss firkanta augo, eller kvite fjøs! Heilt sant er det ikkje, for fleire av oss var ganske bleike etter å sove så lite som me faktisk gjorde! For søvn blei det lite med. Nokon sov jo nokre timar, men langt i frå alle. Andre blei så trøtte at dei gjekk heim for å sove og. Men fleirtalet sov ikkje eller veldig lite.

Laurdagen blei ganske lik fredagen, men fleire gjesp og sukk var å sjå. Det var litt roligere denne dagen, men det var jo ein del som måtte heile vegen seie at dei ikkje var trøtte! Fleire gjekk heim denne dagen. Nokon for det dei ikkje gadd meir, eller fordi dei heldt på å sovne, eller ikkje minst for å sleppe å rydde! For rotete var det.

Søndagen kom, og det begynte å nærme seg slutten. Ryddinga tok litt tid, men hjelp frå folk som var eldre enn ungdomsskolealder hjelpte til, og det blei like reint som det var då me kom. Flott at nokon var ansvarlege nok til å vere med på ryddinga. Planen om nytt treff er allereie i gong. Då håper me på endå fleire folk, og at det ska bli endå betre!



Sveinung stod på som bare det, og skaffa oss lyd-anlegg! Takk!!

Tanke på ein sponsor har vore sentral, for me må ha det fordi meir nettverksutstyr må kjøpast inn. Håpet om å få til kobling opp mot internett ligg også der. Kva tid dette skal skje, er ikkje heilt klar, men ein gong i sommarferien passar bra. Fleire folk frå andre kommunar hadde vore kjekt å hatt, for me er ikkje nok folk på Bokn for å få til eit skikkeleg stort treff. Folk frå fleire aldersgrupper hadde òg vore fint. Det er mykje som skal til for å få til eit stort treff, så arrangørgruppa må nok utvidast ein del, så viss nokon har lyst til å vere med så er det berre å spør!

Det er over for denne gong. Neste gong blir i varmare tider.....



Her kan du verkeleg sjå kor mange datamaskinar det var her. Gymsalen var ganske full!

PÅ KRYSS OG

Vinnarar, februar/mars-oppg.:

Oppg. 1: Jan Tore Kro
Oppg. 2: Silje Borgenvik

GRATULERER!

(Eli og Lars Morten Kro har stått for trekninga).

Vinnarane vil få Bingoflax-lodd.

Løysningar:

1

		B				
	K	R	A	B	B	E
	L	Ø	K		A	V
H	O	D	E		D	E
						N
	L		S	O	V	E
G	E	I	T		Å	L
		R	A		K	U
	B	E	L	T	E	
		R	L			

2

Løysningar!

1. Nei, det er ein dans.
2. Det er 4 byar.
3. Venstre.
4. Zagreb.
5. Nei, ei kanin.
6. Manglende betalingsevne
7. Kongsvinger.
8. 9
9. Hinnøya.
10. Canada.

Namn:

Nye oppgaver med innleveringsfrist 1. mai:


1

Finn feila!!

Rett:



Feil:



2

Stokk om på bokstavane og finn 8 dyr!

1. Ung = _____
2. lakme = _____
3. Tyrelbed = _____
4. Domplarv = _____
5. Lorilag = _____
6. Gnorgnauta = _____
7. Leksidapd = _____
8. Lekoklorid = _____

Stokk om på bokstavane og finn 4 matretter!

1. Kulakn = _____
2. Acolaba = _____
3. Tangerg = _____
4. Gerøgere = _____



1	2	3	4	1	5	2
6	7	8	5		1	3
7	9	5		10		11
5		7	10	1	12	5
	13			1	3	
2	3	8	8	5	4	5
3		3	14		2	10

8	15	↓	1	5	7	5	4	3	16	5	
11	5	14	5	7	3	4	1	5		7	3
3	7	3	A	9		16	5		14	5	4
17		4	18	16		5	11	2	10	4	19
17	10	16	16	5	11		11	6	1		10
5		7	5	7		20	5		5	11	14
7	21	5		5		21	7	5			5
10	7	7	5		2	7	5	4	19	5	7
	5		7	3	7	5		1	9	2	5
1	4	10	2	2	5		13	5	11	5	4

2000-betre eller verre?

Data blir verre, men kva gjer vel det,
når menneska
får magiske evne?
Sjukøhusa, dei treng ikkje lenger data
for å styra mesteparten,
menneska greier det heilt fint sjølv,
for dei har magiske evne.
Folk døyr av sjukdommar og folk døyr fordi
dei er gamle.
Men ikkje no lenger, eit stryk med handa,
og du er frisk,
Me kjem aldri til å døy.

Kristina Faye- 8 klasse

Sporten

5. august kl. 21.00 år 2695

God kveld alle jordboarar !
Som dere sikkert har fått vite Jorden knuste
Merkur i privatlandskampen i kveld,
53-4 ble stillingen. Tore Lo scorte tre mål og
Gunny Jordskjær femti mål.
Før vi takker for oss, vil vi minne om neste
planetkamp. Den er mellom jorden og Pluto.
Vel det var alt for denne gang, da setter vi over
til Eline Tveiten med veret for melkeveien.

Lars Øyvind Alvstad 8.kl

SpareBank 1 SR-Bank

Er du en av dem som ennå ikke har Sr-Bank Boken som din bank-forbindelse?

Hva skal til for at du vil være vår kunde?

Vi står til din disposisjon enten du er kunde, vil bli kunde, eller om du ønsker et tilbud på hele "pakken".

Mandag-Onsdag	08:15 - 15:00
Torsdag	10:00 - 17:00
Fredag	08:15 - 15:00

Stikk innom i banken,
....eller ring for å avtale tid:
52748221 / 52748222

**Totalleverandør
av finansielle
tjenester !**

SpareBank 1 SR-Bank
BOKN

BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

**VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP**

KULTURKALENDEREN

APRIL

16.: Gudsteneste m/loftefornying for ulv/meis og speidar

- Veke 16 – Påskeferie, Bokn skule

21.: Gudsteneste kl. 11.00

23.: Gudsteneste kl. 19.00

24.: Gymkana og eggkoking på Ognøy, rideknappen – arr. BORK

25.: Forvaltningsstyremøte kl. 19.30, gamle kommunestyresal

26.: Nytt ridekurs – arr. BORK

26.: Kontaktmøte, Bokn bedehus kl. 19.30

27.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

27.: Gudsteneste kl. 19.00 – samtalegudsteneste

29.: Ungdomstreff kl. 19.00 – 01.00 på skulen, frå 7. klasse

30.: Gudsteneste kl. 11.00 – konfirmasjon

30.: Vårslepp – arr. BIL

30.: Felles ridetur, Erik Eikje – arr. BORK

MAI

03.: "Nai, det va' enklare før", Hgsd. teater og Fylkesmusikarane – Allrommet kl. 11.30

03.: Kommunestyremøte, Allrommet kl. 19.00

03.: Sjømannsbasaren på skulen kl. 19.30

07.: Kaffimøte Frelsesarmeen, Bokn bedehus kl. 15.00

08.: Barnaklubben på Hognaland kl. 10.30 – 12.30

08.: Solsikkekonkurranse, 1.-7. kl. på skulen, frøsåing – arr. Bokn hagelag

12.-14.: Seiltur med "Elida" for R/R og speidarar i ungdomsskulen

13.: Hagedag, plantebyte, sal, barneloppemarked på skulen – arr. Bokn hagelag

14.: Indremisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30

17.: Gudsteneste kl. 10.30, tradisjonell feiring i kommunen, eige program veka før

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og torsdag
kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI

kvar fredag på
legekontoret
kl. 09.00 – 14.00

For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen
fotterapeut

SONETERAPI/ NATURMEDISIN

onsdagar frå kl. 08.30
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Veia
heilpraktikar

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag kl. 08.00 –
15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

LANDBRUKS-KONTORET
Kvar torsdag kontordag i Bokn
tysdag kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gje-
rast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tys-
vær andre vekedagar, tlf. 52 77
05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef

STØNAD TIL DELTAING PÅ KURS

- for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skoloring av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før

påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter motatt søknad.

Søknaden skal innehalda:

- kurslengde
- arrangør
- program
- opphalds-/kursavgift
- materiell-/reiseutg.
- namn, kursdelt.

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden

samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til. Tilskot kan ystast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbødet om å gjera det.



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02	Økonomisjef	Solrunn Alvestad
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Kommunekasserar	Harald Bokneberg
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktsentralen	
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/fredag 08.00 – 15.00	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster tysdag/torsdag Open helsestasjon torsdag	Eva B. Svendsen
52 75 25 45	Biblioteksjef	Linda Ognøy
52 75 25 47	Kyrkjeverge Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad
52 75 25 50	Rektor/seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51	Undervisningsinspektør	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54 91 53 79 26	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlege	Else Kjellesvik

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året (ikkje januar og august)

FORSIDEBILDER

Hanne Krogh, Tina B. Høyland, Ivar Voxmyr og
Reidar Brendeland.

Foto: Kjartan Jensen og Ingvild Sæbø

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,

4150 Rennesøy

51 72 32 87

946 70 873

KULTURPRISEN 1999

Tekst & foto: Jardar Havikbotn



Bokn kommune sin kulturpris 1999 til Solveig og Leiv Våga blei delt ut på 1. Bokn KFUM/ Bokn 1. KFUK sin 10 års-jubileumsfest fredag 7. april. Gymsalen på Bokn skule var fullsatt av speidarar frå heile Haugalandet, og ramma rundt prisutdelinga, som skjedde i etterkant av festen, kunne ikkje vore meir naturleg.

Frå Bokn driftsstyre heiter det:

Dei får prisen for det store barne- og ungdomsarbeidet dei har utført gjennom ei årrekke, og framleis gjer. I tillegg til ymse foreningsarbeid for barn og unge i kristen regi opp gjennom åra er det arbeidet med 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK, som blei starta i 1990, ein verkeleg har lagt merke til.


Kulturprisvinnarane har med sin barnlege, uformelle og respektable måte å vera på vore med og gjort speidarrørsla svært rik i Bokn.

Kommunen treng slike ildsjeler, og ynskjer lukke til med vidare arbeid blant ulvane og meisane i laget.

Prisen var trykket *Krakrafonti* av haugesundskunstnaren Ivar Rudi.

Bygdabladet vil koma tilbake til speidarane sin jubileumsfest.

1. KLASSINGAR OM ÅR 2000



Karina: Eg syns det skal vera fint og koseleg med fine trær og fine blomster.



Øyvind: Eg tenkjer at me skal ha fred. Også vil eg at månen skal bli fin og at stjernerne skal lysa og at det skal vera 1000 100 stjerneskudd.



Hilberg: Senda opp raketter, leika med bilar.